

## NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Emnenr. 18

Fylke: Nordland

Tilleggsspørsmål nr.

Herad: Tjoga

Emne: Juletre og julekalen

Bygdelag: Tjoga

Oppskr. av: St. Alexandersen

Gard: Elvegarden

(adresse): Tjogajoen

G.nr. 16 Br.nr. 8

A. Merk av om oppskrifta er etter eiga røynsle. *Keige røynsle*

B. Eller om den er etter andre heimelsmenn: (ta også med alder, heimstad, yrke):

## SVAR

1. *X. Ja.*
2. *Kom i bruk her kring 1875. Ein skulelærer som heitte Pattersen, var mestnok den første. Seinare kom ~~og~~ fleire og fleire til å bruke juletre.*
3. *Nei, først kom juletre i bruk i heim-ane. Seinare, kring 1900, tok lærarane til å halda juletrejulestar på skulehusi for born, og då vart det alltid nytta juletre.*
4. *Bruka ikkje å pynte stova med grønne kvistev, men seime sette eine oppetter veggan så det likna eit juletre. og pynta det med papirroser og vaku merke (kost). Dette "ustatningsstree" stod på veggan høgt i stova.*
5. *Ikkje anna pynting enn grønt granbar i vatn i grønne urnot.*
6. *Frå golvet til taket.*
7. *For i tidi (kring 1890) var det mest papirroser i grønne fargot som ein klypte sjølve ein bruke. I dei siste åri er det vorte berre kjøpustas, glas-kulot og lebrander (tyrk). Ljos brukest*

2

alltid på juletreet

8 Star borni var små var det helst hus-  
faren som pynta treet. Då borni vaks  
til, var det helst dei eldre av dei  
som pynta treet.

9 Juletreet står helst i ei krå høgt i  
stova.

10 Juletreet vert fyrst tend juleaftan.  
Då 1<sup>ste</sup> juledag når ein hjem frå kyrk-  
kja og elles når ein pynter på.

11 Et det born i huset, kan ein ta jule-  
treet fram og gå rundt det og syngja  
julesongar. - Songane er helst danske  
slike som: "Deilig er jorden", "Deilig er den  
himmel blå", "Jeg er så glad hos jule-  
kveld." Den siste er som kjend av norsk  
fotfattar, men skriven på dansk.

12 Juletreet står inne til oven "tjuendagen"

13 Ein seier ikkje å haust juletreet, men  
at ein tek av det fyrsten. Fyrsten vert  
gøyrd frå år til år.

14 Helst gran, men somme kan og nytta  
fura.

15. Fikk ein ikkje i granne, kunne ein  
spikta eine oppetter ein stav så  
det tikna mykje frå eit naturleg tre.  
Ein mann fot her skring og laga  
juletre av streng kring 1900. Summe  
kjøpte slike "strengjuletre" dei kalla.  
Dei vart hengt i taket i ei krå med  
pynt på.

16 etv.

1 etv. 2. Tell bort. 3 Tell bort. 4. Tell bort  
Bruka hakka ein på golvet, og  
golvet var skura med kvit skjelsand.

4237